

02.11.2009

Lærte mykje om bruk av kalk og silikat



Arne Terje Haugland ved vår elv. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Arne Terje Haugland, oppsynsmann og storfiskar i Uskedalselva, veit mykje om fisk og tiltak for betre fiske. No har han lært enda meir, ved å delta i eit seminar i regi av fylkesmannen i Vest-Agder i Kristiansand.**

**Men han kunne tilfreds notera at vår elv hadde ein framståande plass på eit kart over Sør-Noreg som ei vellukka elv med omsyn til kalking.- Eg fekk bekrefta at vi har truffe blink med våre tiltak, og det fortener dei lokale som var med på planleggjinga ros for, seier Arne Terje til uskedalen.no.**

Men det var Marnardal kommune og Mandalsvassdraget som var i fokus under seminaret.

I det 115 kilometer lange vassdraget vart laksen utrydda på grunn av den sure nedbøren - som i mange andre vassdrag på Sørlandet. Men laksestammen er re-establisert gjennom omfattende kalking sidan 1995. Resultatet er så vellukka at det i 2006 vart fanga 12 tonn laks og 675 kilo sjøaure i vassdraget.

Det var fangstreskord og elva vart rangert som det sjette beste laksevassdrag i landet . Men denne hausten har det vore mykje mindre gytefisk.

Det er store kalk-kvanta som går med - berre i fjor 6.000 tonn eller 170 trailerlass. Til samanlikning blir Uskedalselva/Børsdalselva kalka med 140 tonn i året, men så er da også dette eit mykje mindre vassdrag.

Arne Terje fekk også læra om den silikatdosering som skjer i Mandalsvassdraget og som er noko nytt i arbeidet for betre fiske i Noreg. Silikat blir henta ut av fjellgrunnen i Polen og bitt aliminium i vatnet slik at fisken blir berga. Men det er førebels litt for tidleg å seia noko om resultata.

Silikat er fem gonger så kostbart som kalk. Ein treng eventuelt både kalk og silikat, men forbruket av det siste er langt mindre.

Det var bortimot 50 deltakrar frå Hedmark, Telemark, Anderfylka, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane i seminaret.

Av Ola Matti Mathisen